



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
44/23	Formannskapet	14.03.2023

### Landbruksplan

#### Samandrag:

Vanylven kommune sin planstrategi 2020-2023 syner oppstart av landbruksplan i 2022.

Næringsorganisasjonane i kommunen har også etterspurt kva tid arbeidet med ein landbruksplan vert prioritert slik at ein får framdrift i planverket.

Kommunedirektøren ønskjer difor at dette arbeidet no vert starta opp.

Landbruksplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy for utviklinga i landbrukssektoren. Planen skal angi kva strategi kommunen har for framtidens landbruk i Vanylven kommune.

Når vi no har ferdigstilt planprogrammet til landbruksplanen så er vi i gang med arbeidet.

#### Formannskapet 14.03.2023

#### Behandling:

#### Samrøystes vedtak som framlegget.

#### FO - 44/23 Vedtak

Vanylven formannskap, som planutval syner til kommunal planstrategi, og varslar oppstart av arbeid med kommunedelplan for landbruk 2023 - 2034 og legg framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn, jf. pbl. §§ 11-12 og 11-13.

Frist for å kome med merknader og innspel til planarbeidet er sett til 6 veker etter kunngjeringsdato.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven formannskap, som planutval syner til kommunal planstrategi, og varslar oppstart av arbeid med kommunedelplan for landbruk 2023 - 2034 og legg framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn, jf. pbl. §§ 11-12 og 11-13.

Frist for å kome med merknader og innspel til planarbeidet er sett til 6 veker etter kunngjeringsdato.

**Vedlegg:**

230303 Planprogram landbruksplan for Vanylven kommune

**Saksopplysningar:**

Statsforvaltaren sitt forventningsbrev til kommunane 2023 seier at kommunane skal ha ei berekraftig arealforvaltning som ser samanhengen mellom utbygging, klimaendringar og tap av natur. I denne samanheng er ein landbruksplan nødvendig.

Ein landbruksplan vil synleggjere kva utfordringar og mogelegheiter landbruket i Vanylven kommune har. Planen skal belyse kva som er spesielt for jordbruket i Vanylven kommune og gje retningslinjer for jordvern og matproduksjon.

Det er eit mål for kommunen at kommunedelplan for landbruk skal verte aktivt brukt av eit aktivt landbruk, og vere eit styringsverktøy for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling.

**Vurdering og konklusjon:**

Målet med å utarbeide ein landbruksplan er å styrke landbruket sin plass og rolle i kommuneplanlegginga, ved å synleggjere korleis landbruket påverkar natur og miljø, verdiskaping og formar kulturlandskapet.

Ein landbruksplan vil gi retning for forvaltning og utvikling av landbruket i kommunen.

Planen skal fungere som eit oppslagsverk og hjelpemiddel for både innbyggjarar, politikarar, landbruksnæringa og forvaltninga.

Eit planprogram er no under arbeid og det vil bli etablert ei administrativ prosjektgruppe som vil føre arbeidet vidare.

**Likestillingsmessige sider ved saka:** ingen kjende

**Konsekvensar for folkehelsa:** ingen kjende

**Miljøkonsekvensar:** ingen kjende

**Økonomiske konsekvensar:** ingen kjende

**Beredskapsmessige konsekvensar:** ingen kjende

**Konsekvensar for barn og unge:** ingen kjende

Andreas Chr. Nørve  
kommunedirektør